

# Referat frå medlemsmøte 11.11.2019

## Tema: Avlingane i år

- Til stades: Alf Eskevik, Olav Gjørven, Harald Hove, Odd Frantzen, Marianne Johanstuen, Rolf Brun, Gunnar Thoner, Gunnar Ditlefsen, Hans Eivind Bjørnstad, Arne Aas, Sigvardt Pran og Pål Sindre, 12 av 29.
- Presidenten ønskte velkommen til møtet.
- Fødselsdagar. Presidenten fylte 74 år 6/11.
- I dag er det Mortensmesse, eller Morten gås, til minne om den heilage Martin av Tours, nasjonalheilagmenne for Frankrike. Han levde frå 316 til 397. Nemninga Morten gås kjem av at folket ville ha Martin til biskop, men han ville ikkje. Han gøynde seg i ein flokk av gjæser. Då dei leita etter han, røpte gjæsene gjøymestaden med kaklinga si, og han måtte ta imot kallet til å bli biskop.
- Presidenten nemnde hovudtemaet dette rotaryåret: Freds- og tryggingspolitikk. På NRK sin TV-app ligg programmet «I møte med Gorbatsjov.» Eit opplysende og rørande program.
- Presidenten las diktet «Bondesalme» av Jakob Sande, til ære for bøndene.
- Det var to føredragshaldarar, Harald Hove og Olav Gjørven.
- Harald starta, og snakka om **kornavlinga** ogvêret opp gjennom åra. 1962 kom snøen og vinteren om lag på same tid i november som i år. Torbjørn Bakke skreiv i 1962 ein variant av Jeppe Aakjær song: «Jeg er havren / jeg er frossen nå...» Harald resiterte dette diktet, og fleire med. I år hadde vi 7 mm. nedbør i april. I mai kom det 50 mm. regn, og nokre dagar var det minusgrader, t.d. 3. mai. Ein dårleg mai førte til det vi ser no: Framleis korn ståande nokre stader. Nedbøren var elles normal gjennom sumaren, men i september kom det 150 mm., likeeins i oktober. Men i Odalen blei det i alle fall ei bra avling.
- Olav tok så over, og greidde ut om **potetavlinga**. Det har vorte større og færre bruk. På grunn av det dårlege været i mai, har 6 bønder i Sør-Odal søkt om avlingsskadetrygd, 14 i Nord-Odal. Men det er eigendel, og det skal godt gjerast å få noka trygd. Potethausten blei bra, med godt vær i knollskytingsperioden, og ny type reiskap og GPS-styring har gjort arbeidet snøggare og meir effektiv, det gjeld både våronn og innhausting. Likeeins lagerhandteringa. Potetene skal ligge ei tid på lager for å hindre sår. I snitt får Søndre Auli 3 tonn poteter pr. mål, i år fekk dei 4,7 tonn.

- Det blei mange spørsmål undervegs, og ein interessant samtale. Presidenten takka Harald og Olav for føredraga, som var opplysande for oss som ikkje er bønder.
- Odd og Marianne hadde med den nyinnkjøpte projektoren, og vi fekk litt informasjon om den. Dei hadde òg med ein ny talarstol frå ein snakkar i Nord-Odal. Presidenten takka dei for innsatsen med dette.
- Presidenten minna om møtet neste måndag med kommandørkaptein Casper Erichsen om norsk tryggingspolitikk.